

Tabell C-fk

Saker med særskild fordeling for fylkeskommunane 2021

Følgjande saker ligg i tabell C i 2021*):

Kol.	Sak	Beløp i 1 000 kr
1	Opprusting og fornying av fylkesvegnettet	1 580 324
2	Kompensasjon forskrift om tunnelsikkerheit	319 767
3	Ras- og skredsikring fylkesveg	817 824
4	Vegadministrasjon	1 241 046
5	Ferjeavløysing	118 921
6	Tilskot til ikkje-statlege lufthamner	47 266
7	Kjøp av flyruter innanlands	40 236
8	Fiskerihamner	35 177
9	Null- og lågutsleppsferjer og -hurtigbåtar	100 000
10	Distrikts- og regionalpolitiske tilskot	102 807
11	Forvaltning av tilskot på landbruksområdet	8 216
12	Tilskotsordninga Jobbsjansen del B	97 565
13	Fylkesvise partnerskap for karrierettleiing	36 592
14	Tilskot til barnevern, Oslo	674 330
15	Kompensasjon for endringar i inntektssystemet	335 000
16	Sum	5 555 070

*) Anslått pris- og kostnadsvekst i 2021 er 2,7 prosent.

Kolonne 1 – Styrking av rammetilskotet som kan nyttast til å fornye og ruste opp fylkesvegnettet

I saldert budsjett 2014 blei rammetilskotet til fylkeskommunane styrkt med 780 mill. kroner, som kan nyttast til å fornye og ruste opp fylkesvegnettet. Ordninga blei ført vidare og trappa opp med 200 mill. kroner i 2015, 160 mill. kroner i 2016, 100 mill. kroner i 2017 og 100 mill. kroner i 2019. 2021-beløpet er justert med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2021. Midlane er som tidlegare fordelte mellom fylkeskommunane på grunnlag av ei kartlegging av vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegar gjennomført av Statens vegvesen.

Kolonne 2 – Kompensasjon for meirutgifter knytt til iverksetjing av tunnelsikkerheitsforskrift for fylkesvegar

Fylkeskommunane har sidan 2015 blitt kompenserte for meirutgifter ved forskrift om minimum tryggleikskrav til visse vegtunnelar for fylkesveg og kommunal veg i Oslo (tunnelsikkerheitsforskrift for fylkesveg mv.). Midlane har blitt fordelt mellom fylkeskommunane på grunnlag av berekningar av behovet for kompensasjon, gjennomført av Statens vegvesen.

Samla beløp er justert med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2021.

Kolonne 3 – Ras- og skredsikring

Tilskot til skredsikring av fylkesveg blei innlemma i rammetilskotet frå og med 2020. Statens vegvesen har laga eit tilskotprogram for skredsikring på fylkesvegnettet for perioden 2018–

2023, basert på dei økonomiske rammene i Nasjonal transportplan 2018–2029. Midlane til skredsikring i 2020 blei fordelt mellom fylkeskommunane med utgangspunkt i årleg gjennomsnittleg ramme i tilskotprogrammet.

2021-beløpet er justert med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2021.

Kolonne 4 – Vegadministrasjon

Som følgje av avviklinga av sams vegadministrasjon og overføring av oppgåver og ressursar til fylkeskommunane blei rammetilskotet til fylkeskommunane auka med 1 199 mill. 2020-kroner i 2020, jf. Prop 1 S Tillegg 1 (2019-2020) for Samferdselsdepartementet. Midlane blei fordelte mellom fylkeskommunane ut frå ressursbruken til oppgåver knytt til forvaltning, drift og vedlikehald under sams vegadministrasjon i kvar einskild fylkeskommune. Samferdselsdepartementet føreslår at tabell-C-fordelinga blir vidareført i 2021.

Oslo kommune har sidan forvaltingsreforma fått kompensasjon for at dei ikkje nyttar sams vegadministrasjon (som følgje av at ingen av vegane i Oslo er klassifiserte som fylkesvegar). Midlane har blitt fordelt med særskilt fordeling under "Vegadministrasjon Oslo" i tabell C.

I 2021 er dei to sakene slått saman under "Vegadministrasjon". 2021-beløpet er justert med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2021.

Kolonne 5 – Ferjeavløysing

Ferjeavløysingsmidlane er enten tilskot som er overført frå staten i samband med forvaltningsreforma i 2010, eller fylkeskommunale ferjeavløysingsprosjekt. Tilskotet til dei statlege prosjekta er likt det beløpet ei ferjeavløysingsordning for riksvegferjer ville ha gjeve i 2016. Tala kjem frå Samferdselsdepartementet/Vegdirektoratet. I 2021 er beløpet til Møre og Romsdal justert ned pga. avtale i revidert nasjonalbudsjett om å avvikle bompengeneinnkrevjing før tida for Atlanterhavstunnelen, og at vegprosjektet dimed er nedbetalt.

I 2021 ligg det eitt fylkeskommunalt ferjeavløysingsprosjekt i rammetilskotet, Bjarkøyforbindelsen, som kom inn i 2019.

2021-beløpet for alle ferjeavløysingsprosjekta er prisjustert med 2,5 prosent.

Kolonne 6 – Ikkje-statlege lufthamner

Tilskot til ikkje-statlege lufthamner blir overført til fylkeskommunane som ein del av regionreforma. I 2020 blei 16,2 mill. kroner overført til drift av Notodden lufthamn i Vestfold og Telemark fylkeskommune. 2021-beløpet er justert med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2021.

I 2021 blir 30,6 mill. kroner overført til drift av Stord lufthamn i Vestland fylkeskommune og Ørland lufthamn i Trøndelag fylkeskommune.

Kolonne 7 – Kjøp av flyruter innanlands

Ordninga med kjøp av flyruter innanlands blir overført til fylkeskommunane som ein del av regionreforma. Kjøpet av flyruter innanlands vil ikkje bli ei lovpålagd oppgåve, men skal finansierast innanfor rammetilskotet til fylkeskommunane. Når overføringa av midlar er gjennomført, vil det vere opp til fylkeskommunane om dei ønskjer å prioritere midlar til kjøp av flyruter innanlands.

Midlar vil bli overført til dei fylkeskommunane det gjeld etter kvart som dei inneverande kontraktane mellom Samferdselsdepartementet og flyselskapa går ut. I 2021 blir det overført 40,2 mill. kroner til Nordland fylkeskommune for helikopterruta Værøy-Bodø.

Kolonne 8 – Fiskerihamner

Fiskerihamneanlegg som staten eig og forvaltar skal overførast til fylkeskommunane, og midlane til statlege fiskerihamner og tilskot til fiskerihamneanlegg skal overførast til rammetilskotet. I 2020 blei 34,3 mill. kroner overført til rammetilskotet, og fordelt mellom Vestland, Rogaland, Agder, Vestfold og Telemark og Viken fylkeskommunar. Tilskotet blei fordelt mellom fylkeskommunane på grunnlag av ei vurdering av tidlegare tilskot, ramma i Nasjonal transportplan 2018–2029, vedlikehaldsetterslep og tal på fiskerihamner i kvart fylke.

2021-beløpet er justert med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2021.

Kolonne 9 – Null- og lågutsleppsferjer og -hurtigbåtar

For å gje fylkeskommunane større moglegheit til å prioritere låg- og nullutsleppsløysingar for ferjer og hurtigbåtar, blir det føreslått at 100 mill. kroner av veksten i frie inntekter til fylkeskommunane blir fordelt etter delkostnadsnøkkelen for båt og ferje. Midlane er vist med ei særskilt fordeling i tabell C.

Kolonne 10 – Midlar til distrikts- og regionalpolitikk

Som ein del av regionreforma desentraliserer Kommunal- og moderniseringsdepartementet delar av dei regional- og distriktspolitiske tilskotsmidlane. Det inneber mellom anna at kapittel 550, post 64 *Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn* og kapittel 553, post 60 *Regionale tiltak for utvikling av næringsmiljø og tilgang til kompetanse*, blei innlemma i rammetilskotet for fylkeskommunane med særskild fordeling. Totalt blei 100,1 mill. kroner innlemma i rammetilskotet i 2020.

For å ta i vare den særeigne geografiske fordelinga til midlane, blei dei to postane innlemma med ei særskild fordeling. Fordelinga i 2020 var ei vidareføring av den samla fordelingsprofilen til midlane i 2019. I 2021 er fordelinga oppdatert pga. ny distriktsindeks, men det er laga ei overgangsordning. 2021-beløpet er vidare justert med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2021.

Kolonne 11 – Forvaltning av tilskot på landbruksområdet

Som ein del av regionreforma fekk fylkeskommunane overført ansvaret frå fylkesmannen for forvaltning av tilskot til regionale tilretteleggingstiltak og utarbeiding av regionalt næringsprogram for landbruket. Fordelinga mellom fylkeskommunane var basert på ressursbruken på oppgåvene i dei ulike fylkesmannsembeta.

2021-beløpet er justert med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2021.

Kolonne 12 – Tilskotsordninga Jobbsjansen del B

Som ein del av regionreforma fekk fylkeskommunane overført tilskotsmidlane for ordninga Jobbsjansen del B. Fylkeskommunane har tidlegare kunna søke om midlar gjennom ordninga. Ordninga skal bidra til at ungdommar med innvandrarakgrunn som ikkje har opparbeidd seg eit godt nok fagleg grunnlag, til dømes tilstrekkelege norskkunnskapar, skal kunne få føresetnader for å fullføre vidaregåande opplæring.

Fordelinga mellom fylkeskommunane er oppdatert med talet på innvandrarakar i dei ulike fylka per 1. januar 2020. 2021-beløpet er vidare justert med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2021.

Kolonne 13 – Fylkesvise partnerskap for karriererettleiing

Tilskot til etablering av fylkesvise partnerskap for karriererettleiing blei innlemma i rammetilskotet i 2020. Føremålet med tilskotet har vore at unge og vaksne i alle livsfasar skal få eit likeverdig tilbod om karriererettleiing i heile landet. Dei fylkesvise partnerskapa er eit samarbeid mellom fylkeskommunen og NAVs fylkesledd, og inkluderer ofte fleire aktørar, som kommunar. Tilskotet har mellom anna gått til etablering og utvikling av karrieresenter i fylka.

Midlane blei i 2020 fordelt med eit likt beløp på om lag 1,875 mill. kroner per fylkeskommune etter fylkesinndelinga i 2017. 2021-beløpet er justert med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2021.

Kolonne 14 – Tilskot til barnevern, Oslo

I 2004 overtok staten det ansvaret fylkeskommunane tidlegare hadde for barnevernet. Oslo sitt ansvar for desse oppgåvene blei vidareført. Tilskot til barnevern for Oslo er gjeve med særskild fordeling i tabell C. I 2015 blei det lagt inn midlar til kjøp av plassar frå ideelle sentre for foreldre og born. 2021-beløpet er 2020-beløpet justert med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2021. Beløpet er vidare oppjustert med anslått vekst i talet på 1–18-åringar i Oslo frå 2020 til 2021.

Kolonne 15 – Kompensasjon for endringar i inntektssystemet

For å lette overgangen til nytt inntektssystem blei det innført ei ny kompensasjonsordning for endringane i inntektssystemet som trådte i kraft i 2020. Fordelinga av kompensasjonen tek utgangspunkt i dei samla fordelingsverknadene, inkludert avviklinga av den førre kompensasjonen for endringar i inntektssystemet, som blei innført i 2015. Som varsla i Prop.

113 S (2018–2019) *Kommuneproposisjonen 2020*, er kompensasjonen innretta slik at alle fylkeskommunar blir heva til det same minimumsnivået, målt i kroner per innbyggjar. Differansen mellom fordelingsverknadene og minimumsnivået blir kompensert fullt ut gjennom kompensasjonsordninga. Den nye kompensasjonen sikrar at ingen fylkeskommunar får ein reduksjon i rammetilskotet på meir enn 70 kroner per innbyggjar som følge av fordelingsverknadene og avviklinga av den førre kompensasjonsordninga.

I 2021 er beløpet vidareført nominelt.

Kolonne 16 – Sum saker med særskild fordeling

Sum av kolonne 1–15. Summen er nytta i tabell 2-fk, kolonne 3.